

Reglar/kontrakt for bruk av tett tank som avløpssystem for fritidsbygg i Seljord kommune.

Gjeld egedomen gnr. bnr.

Krav til kva søknaden skal innehalde:

1. Kartutsnitt i M 1:5000 med fylgjande opplysning:
 - hytteplassering.
 - tankplassering.
 - adkomstveg frå næraste off. veg.
 - andre drikkevasskjelder i området.
2. Søkjars (hytteeigars) navn, adresse og telefonnr. Gardsnr., bruksnr. og evt. festnr. på hytta.
3. Navn, adresse og telefonnr. til den autoriserte rørleggar som skal:
 - levere anlegget.
 - utføre anleggsarbeidet/installeringa.
 - stå som ansvarshavende for anleggssarbeidet.
4. Teknisk spesifikasjon for heile anlegget.
5. Teikning av tankplassering og røropplegg med høgder mellom tankklokk og underkant hytte. Teikning skal vera i M 1:1000.

Krav til teknisk utforming og utføring:

6. Alt røropplegg skal tilfredsstillе Norsk Standard. Samletanken skal vera utstyrt med sertifikat som syner at tanken, med ordinært lokk påmontert, er trykkprøva for eit overtrykk på min. 0,1 bar.
7. Tank og røropplegg skal kunne trykkprøvast i driftsmessig stand med min. 0,1 bar.
8. Trykkprøvinga skal utførast med tankens ordinære lokk påmontert nippel ¼" Hansen hunkopling.
9. Tank og alt røropplegg skal vera sikra mot frost og sikra mot oppdrift. Det skal berre nyttast vass sparande utstyr

10. Samletanken skal vera utstyrt med nivåvarslar, som varslar når tanken nærmer seg fullt nivå.
11. Samletank og røropplegg skal vera nedgrave og sikra mot ytre skadelig påvirkning.
12. Største avstand frå tank til bilveg (som må vera køyrbar med stor lastebil) skal vera 60 m og med største høgdeskilnad 9 m frå botn tank til pumpa på bilen.
13. Seljord kommune, teknisk avdeling, skal varslast for inspeksjon før tank/røropplegg vert nedfylt

Krav til tømerutiner og kontroll:

14. Tvungen kommunal tøming av alle samletankar skal finne stad ein gong pr. år. For denne tøminga skal det betalast ei årleg avgift i samsvar med det kommunale avgiftsreglement. Tøming utover dette er hytteeigars ansvar.
15. Tøming i Seljord kommune vert utført av RENOVEST (tlf. 35068000)
16. I samband med tøminga skal det foretakast trykkprøving og kontroll av anlegget.
17. Dersom trykkprøvinga syner at det ikkje kan haldast eit trykk på 0,1 bar i minst 30 sek, eller det vert oppdaga andre avvik, skal teknisk avdeling i Seljord kommune ha melding. Eigar pliktar i så fall å utbetre anlegget utan ugrunna opphald.
18. Hytteeigar skal kontrollere nivåvarslaren minst ein gong pr. år.

Stad/dato

eigar av gb/nr:

Seljord

Stad/dato

Seljord kommune